



Arkivnr: 2015/12196-7

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	129/16	12.10.2016
Utval for opplæring og helse		03.11.2016
Fylkesutvalet		16.11.2016

### Barn som lever i fattigdom - tiltak

#### Samandrag

Fylkesutvalet gjorde mellom anna slikt vedtak i sak PS 90/2016 «Barn som lever i fattigdom» den 21.3.2016: «Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie innan kva for fylkeskommunale område det kan gjerast ein innsats i kampen mot barnefattigdom. Kva for tiltak kan gjerast? Kva vil det koste?»

Saka er ei oppfølging av vedtaket i fylkesutvalet og er utarbeidd i samråd mellom mellom avdelingane Kultur og idrett, Opplæring, Regional, Tannhelse, Skyss og Mobbeombodet.

I saka gjer fylkesrådmann greie for eit mangfald av tiltak som har vore diskutert og kva som kan gjerast vidare.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til vitande.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at tiltak mot fattigdom mellom barn og unge vert ein del av arbeidet med regional planstrategi for Hordaland.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 23.08.2016:**

Fylkesutvalet gjorde mellom anna følgjande vedtak i sak PS 90/2016 «Barn som lever i fattigdom» den 21.3.2016: «Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie innan kva for fylkeskommunale område det kan gjerast ein innsats i kampen mot barnefattigdom. Kan for tiltak kan gjerast? Kva vil det koste?»

Saka er ei oppfølging av vedtaket og er utarbeidd i samråd mellom avdelingane Kultur og idrett, Opplæring, Regional, Tannhelse, Samferdsel (Skyss) og Mobbeombodet. Ei rekkje tiltak innanfor dei fylkeskommunale sektorar har vore drøfta i førebuinga av saka.

**Generelle merknader:**

Fattigdom mellom born og unge er ein konsekvens av å ha fattige foreldre. Fattigdom har uheldige konsekvensar gjennom å setje folk utanfor arbeidslivet, fører med seg auka sosiale- eller helseproblem, og produserer større kulturell utanforskap (manglande integrering) mv.

Alle rapportar og undersøkingar viser at fattige barn og unge ikkje ønskjer å bli stigmatiserte og samstundes at dei har eit sterkt ønskje om å delta på same vis som andre.

Kommunane er primærmynde for helse- og sossialsaker og grunnskulen og har eit særleg ansvar for fattige barn og unge og tilrettelegging for deltaking. Fylkeskommunane står lenger frå den einskild innbyggjaren, men har likevel ei brei regional oppgåveportefølje som tenesteleverandør og mynde innanfor fleire relevante område.

Saka går gjennom aktuelle tiltak, men ut i frå omsynet til framdrift i saka har fylkesrådmannen ikkje sett det som tenleg å rekne på kostnadene for dei ulike tiltaka no.

**Fylkeskommunale tiltak og innsatsområde:****1. Vidaregåande opplæring**

Utdanning og tilgang til skule bidreg i seg sjølv til å utjamne sosial og økonomisk ulikskap. Etter fylkesrådmannen si vurdering, er sannsynlegvis det viktigaste fylkeskommunale tiltaket mot barnefattigdom å sikre allmenn tilgang til gode skular og utdanningstilbod og å utvikle ei god vidaregåande opplæring med høg gjennomføringsgrad.

Dette viser til eit hovudmål for den vidaregåande opplæringa i Hordaland; auka gjennomføring. Det har gjennom fleire år vore arbeidd systematisk for at fleire unge skal gjennomføre vidaregåande skule eller læretida i bedrift. Ei rekke tiltak, jf. PS 90/2016, skal bidra til at ungdomane får tett oppfølging og tilrettelagde tiltak slik at dei opplever meistring, ser skule og utdanning som positivt, og ønskjer å fullføre opplæringa. Alternative læringsarenaer som Leksehjelpen og Sommarskulen kan ytterlegare styrkast slik at desse tiltaka vil kunne omfatte fleire i åra som kjem.

I Norge er grunnopplæringa gratis. Gratisprinsippet gjeld forutan gratis læremiddel og digitalt utstyr også aktivitetar som museums- og kinobesøk, klasseturar og internasjonale aktivitetar. Aktivitetar i skulen sin regi som skjer utanfor klasserommet, er med på å gjere undervisninga meir variert, men bidreg også til at elevane får ein kompetanse som gjer dei betre i stand til å reflektere, sjå ting i samanheng og forstå til dømes andre kulturar og levesett. Gratisprinsippet i grunnopplæringa inneber at alle elevar skal ha høve til å ta del i aktivitetane som vert arrangerte i regi av skulen uavhengig av den økonomiske situasjonen til dei føresette.

Føresette skal ikkje måtte betale for at elevar skal kunne reise på ein tur til utlandet som er ein del av eit undervisningsopplegg eller sjå ei teaterframføring. Skulane har ikkje moglegheit til å fullfinansiere alle desse aktivitetane, men opplæringslova er ikkje til hinder for at slike aktivitetar blir finansiert av andre enn skulen/skuleigar så lenge gratisprinsippet ikkje blir brote. Elevar og føresette kan gå saman om å finansiere

desse aktivitetane gjennom friviljuge gåver og/eller dugnadsinnsats, og føresetnaden er at det ikkje skal stillast motytingar for pengebidraga og at bidraga skal komme heile elevgruppa til gode.

Eigne informasjonsmøte om tilboda i vidaregåande opplæring i Hordaland blir haldne kvart år for minoritetsspråklege elevar og deira føresette. Møta kan bidra til at desse elevane lettare kan få aksept heimanfrå for sjølve å velje utdanningsløp, noko som er med på å sikre at elevane gjennomfører opplæringa.

Opplæringsavdelinga forvaltar EU-midlar gjennom Erasmus+ programmet og har avsett fylkeskommunale budsjettmidlar for internasjonale aktivitetar. Desse midlane bidreg til at skulane og opplæringskontora kvart år kan sende elevar og lærlingar på studietur og praksisopphald i utlandet.

*Tiltak:*

*a. Sikre gratis opplæring i alle ledd på alle vidaregåande skular i Hordaland.*

## **2. Kultur og idrett**

### *Kultur- og idrett og samfunnsdeltaking*

Kultur- og idrettsfeltet fremjar aktiv deltaking i samfunnslivet, både om du er utøvar eller tilskodar. Aktiv samfunnsdeltaking er ein føresetnad for bygging av demokratiske samfunn, bidreg til å redusere sosial utanforskap og kan vere førebyggjande i høve fattigdom. Kultur- og idrettsfeltet fremjar djupast sett frie og sjølvstendige innbyggjarar og deira høve til å ta medvitne val i egne liv.

I dette perspektivet vert barn og unge sitt møte med kultur og idrett heilt sentralt. Tilrettelegging av eit kulturfelt der tilgangen ikkje er avhengig av foreldra sine økonomiske ressursar kan sjåast som ein nødvendig føresetnad i arbeidet med å redusere fattige barn og unge sine utfordringar. Ein grunnleggjande fylkeskommunal innsats vert å leggje til rette for eit sterkt og mangfaldig kulturliv i heile Hordaland, med særlege tiltak i høve barn og unge, men der ein både kan ta del sjølv og kan oppleve utøving på høgt nivå.

*Tiltak:*

*a. Leggje til rette for eit sterkt og mangfaldig kulturliv i heile Hordaland*

### *Bruk av hallar/treningsstader*

Tilgang til hallar og anlegg er ein føresetnad for mange typar aktivitet: idrett, musikk (korps el. samspel), arrangement mv. I kommunane er det idrettsråda som fordeler treningstid i kommunale idrettshallar. På dei vidaregåande skulane vert dette gjort av både idrettsråd og rektorar. Ulike aktiviteter har forskjellige kostnadsnivå, og det kan difor vere vanskelig å setje merksemd på medlemskontingent i retningslinene. Men ved å tilby gratis utlån av fylkeskommunen sine hallar, bidreg ein til at lag og organisasjonar og friviljuge får redusert sine kostnader.

*Tiltak:*

*b. Gratis utlån idrettshallar til lag og organisasjonar*

*c. Gratis utlån idrettshallar til uorganisert aktivitet*

### *Museum og kulturinstitusjonar*

På ein del kulturinstitusjonar har barn under 16 år gratis tilgang. Men, dersom heile familien ønskjer å gå, må dei vaksne betale. Dette er avgrensande for deltakinga i dei gruppene som har dårleg privatøkonomi. Slik fylkesrådmannen ser det, bør det vurderast å utvikle ordningar der det td. med gratis inngang ein dag i veka for barnefamiljar. Det vil vere mogeleg for fylkeskommunen å vedta dette som ein føresetnad for tilskot, dvs der dei som får tildelt offentlege midlar må utvikle gratis tilbod, f.eks ein dag i veka for barnefamiljar.

*Tiltak:*

- d. *Ordningar med gratis inngang på museum og kulturinstitusjonar*

*Kunst- og kulturproduksjon:*

Hordaland fylkeskommune har eit rikt og variert tilbod om formidling av kunst- og kulturuttrykk til elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen, ma Den kulturelle skulesekken. For mange barn og unge er dette det første møtet med ulike sjangrar og utøving på høgt nivå. I seg sjølv er dette eit viktig tiltak for å fremje forståing av både kunstnarlege uttrykk. Kunst- og kulturprogramma bidrag også til auka innsikt i ein viktig del av samfunnslivet. Det er mogeleg å utvikle tilbodet, t.d. ved å nå marginale grupper (asylmottak mv).

*Tiltak:*

- a. *Utvikle tilbod for fye målgrupper i kunst og kulturformidlinga (Den kulturelle skulesekken mv.)*

### 3. Regional

*Redusere sosial ulikhet – eit inkluderande samfunn*

Regionalavdelinga jobbar med arbeid og kvalifisering til arbeid, gode og trygge bustadområder for alle, oppvekst og miljø og næringsutvikling. Regional planlegging skal til dømes stimulere til å behalde og utvikle arbeidsplassar, skape samfunn der alle er inkludert, fremje folkehelse og planleggje gode lokalsamfunn.

Det regionale ansvaret som fylkeskommunen forvaltar på dette området gjeld i stor grad å leggje til rette for inkluderande samfunn der også marginaliserte grupper kan ta del. Medvite fysisk planlegging og redusere sosial ulikhet i helse vil sterkt bidra til å lette arbeidet med barnefattigdom

*Tiltak:*

- a. *Regional planlegging for eit inkluderande samfunn*

*Erasmus+ Aktiv Ungdom*

Når det gjelder pågåande Erasmus+ Aktiv Ungdom aktiviteter som har Hordaland fylkeskommune eit gratistilbod til ungdom som har falt ut av vidaregåande skule. Desse kan få høve til å jobbe som EVS volontør. EU dekker størsteparten, Hordaland fylkeskommune betalar eigenandelen ift reisa. Fleire av desse ungdomane kjem frå tøffe økonomiske kår, og hadde ikkje kunne delta dersom dei skulle ha betalt dette sjølv.

*Tiltak:*

- a. *Erasmus+ Aktiv Ungdom tilbod til fleire ungdomar*

### 4. Samferdsel

*Ungdomskortet Skyss*

Ungdomskortet til Skyss er eit alternativ for dei frå 16 til og med 19 år. Kva om Skyss senka aldersgrensa til 14 år? Dette hadde vore eit flott alternativ, men det er vanskeleg å rekne ut ein pris på kva dette vil koste. Kor mykje brukar 14-15 år offentleg transport i dag, kort mykje vil det endra seg?

*Tiltak:*

- a. *Ungdomskortet til Skyss også for dei på 14 og 15 år*

*Skyss ruteproduksjon*

Dersom Skyss hadde ruter som gjekk oftare, meir på kryss og til fleire stader – hadde barnefamiljar ikkje trengt bil? Det er vanskelig både å vite resultat av det og å setje ein pris på tiltaket.

### *Skyss informasjon*

Eit aktuelt tiltak for Skyss kan vere målretta informasjon mot dei aktuelle gruppene på fleire språk, td. om rabattordningane innanfor til dømes kollektivtransport og skuleskyss

#### *Tiltak:*

- a. Skyss ruteproduksjon – så barnefamiliane ikkje treng å køyre bil dit dei skal*
- b. Målretta informasjon om kollektivtilbod og rabattordningar på fleire språk*

### **Tannhelse**

#### *Tannregulering*

Tannhelsetenesta er gratis for innbyggjarar i fylket under 18 år. Dersom dei skal ha tannregulering må det betalast av den einskilde familie. For å få til dette må det lovendring til – og vanskeleg å setje ein pris på kva dette vil koste dersom Hordaland fylkeskommune skulle ta dette.

#### *Tiltak:*

- a. Tannregulering inn under gratis tannhelseteneste*